

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I

ImF-Stord

3. mars
Kl. 19.00
Leirvik bedehus

Saksliste til årsmøtet:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
 2. Val av ordstyrer
 3. Val av møtebokfører
 4. Val av to til å skrive under møteboka
 5. Årsmeldinga for ImF Stord
 6. Årsmeldinga for alle undergruppene
 - Awana søndagsskule
 - Junior-ving
 - Fredagsklubben
 - UKS
 - UNG
 - Pensjonistlaget «Vi over 60» ved Leirvik Bedehus.
 7. Regnskap 2025 og budsjett 2026
 8. Val
- Pause med kaffi
Presentasjon av valet
9. SunnBok
 10. Informasjon om strategiprosess
 11. Samtale om arbeidet

Medlemskap ImF Stord:

Det er viktig at alle betaler medlemskontigent for 2026 før årsmøte.
Beløp: 300,-
Vipps: 110340 - Konto: 3000.22.08101
NB: Husk å merke med namn.
Ta kontakt dersom du vil ha hjelp med dette.



Årsmelding for ImF Stord 2025

ImF Stord hadde årsmøte 4. mars 2025 på Leirvik bedehus.
Etter valet fekk styret denne samansetninga:

Styret

- Kjetil Fyllingen – styreleiar (2025–2026)
- Helge Løvland – styremedlem (2024–2026) (vald for 2 år i 2024)
- Elin Solheim – styremedlem (2025–2027)
- Torbjørn Brosvik – styremedlem (2025–2027)
- Maria Karlsen – styremedlem (2025–2027)

Varamedlemmer

- Hans Gunnar Aadland – 1. vara (2025–2026)
- Ole Jørgen Tvedt – 2. vara (2025–2026)
- Wibekke Hovda Balchen – 3. vara (2025–2026)

Valnemnd

Jarle Steinsland og Jostein Brekke.
Helge Løvland vart oppnemnd av styret. Sistnemnde leier valet og kallar inn til møte.

Revisorar

Birgitte Hatlevik og Kåre Løvland er valde for 2025.

Medlemmer

ImF Stord hadde 92 betalande medlemmer i 2025.

Vedtekter og visjon

Styret har hatt eit overordna ønskje om å leie arbeidet i tråd med vedtektene for ImF Stord.

Vedtekter

§ 1. Grunnlag

ImF Stord byggjer arbeidet sitt på Bibelen, Guds ord, og den evangelisk-lutherske vedkjenninga.

På dette grunnlaget driv foreininga alt sitt arbeid, kallar på frivillige og tilsette medarbeidarar.

§ 2. Føremål

a. ImF Stord har som mål å styrkja kristent liv mellom barn, unge, vaksne og eldre. For å nå dette føremålet vil vi forkynne Guds ord og vise omsorg gjennom dei tiltaka, reiskapane og kanalane vi finn nyttige.

b. ImF Stord vil arbeide saman med Indremisjonssamskipnaden og Indremisjonsforbundet for å styrkja Indremisjonen sitt kallsoppdrag. Foreininga vil ta medansvar for å skaffe økonomiske og andre ressursar til dei oppgåvene kretsen og Indremisjonsforbundet utfører på vegner av dei innmelde einingane.

[Lov for ImF Stord finn de her.](#)

Målsetjing (visjon)

Me vil byggja varme, inkluderande kristne fellesskap, vinna nye for Jesus og gjera dei til hans disiplar.

Arbeidsåret 2025

I 2025 har vi hatt Gudstenester om lag annakvar søndag. Vi er takksame for at vi har mange gode talarar i fellesskapet.

Hilde Kristin Teigland er tilsett som ungdomsarbeidar i 50%, noko vi er takksame for. Styreleiaren fører òg timar for ein del av oppgåvene han har ansvar for.

Dei faste bønemøta på torsdagar, både føremiddag og kveld, er viktige samlingar der arbeidet og aktuelle bønemøte blir lagde fram for vår Far i himmelen.

Andre arrangement

- Thor Haavik deltok på fellesmøte i regi av stiftinga.
- Vi hadde bibelkveldar med Tor Espen Kristensen, med fokus på Ruts bok – frå desperasjon til håp.
- I mars hadde Berit Iversen Drivdal frå «Damer i byen» ei inspirerende samling.
- John Inge Rolfsnes organiserte ein flott lovsongskveld i april, der fleire lovsongsteam deltok.
- Haustmøta vart arrangerte i samarbeid med IMS og Horneland bedehus. Alexis Lundh frå Tro & Medier var talar, og samlingane var godt besøkte.
- I november hadde vi forsamlingsleir på Brandøy. Dette er ei viktig helg med god undervisning og verdifullt fellesskap.

- Det er halde samlingar for dei som deltek i tenestegrupper.

Strategiprosess

I vår starta ImF Stord ein visjons- og strategiprosess. Målet er at ImF Stord skal nå visjonen for arbeidet:

Me vil byggja varme, inkluderande fellesskap, vinna nye for Jesus og gjera dei til hans disiplar.

Det vart sett ned ei arbeidsgruppe for å leie arbeidet. Den består av Torbjørn Brosvik, Elin Solheim, Wibekke Balchen og Kjetil Fyllingen. I tillegg er det ei referansegruppe på om lag 15 personar som skal representere breidda i fellesskapet. Prosessen inkluderer òg fleire medlemsmøte.

Runar Landro (ImF) og Marit H. Ådnanes (IMS) er med som rettleiarar i arbeidet.

Prosessen er delt inn i tre delar:

- Kva har vore?
- Kva er i dag?
- Kva skal vere framover?

Fram til no har vi hatt fokus på dei to første spørsmåla. I tida framover skal vi jobbe med spørsmålet: *Kva kan bli?*

Vi oppmodar alle om å be for utarbeidinga av strategiplanen.

Kva skal vere hovudfokus for ImF Stord dei neste åra?

Korleis kan vi nå ut med evangeliet og vere ein god stad for oss som høyrer til i forsamlinga?

Informasjon

Vi prøver å halde medlemmene oppdaterte via nyheitsbrev, nettside (<https://www.imfstord.no/>) og sosiale medium.

Vi oppmodar alle til å følgje med på Facebook-sida:

<https://www.facebook.com/ImFStord>

Delta i Facebook-gruppa:

<https://www.facebook.com/groups/299692884343278>

Følg oss på Instagram:

<https://www.instagram.com/imfstord/>

Årsmelding for Awana søndasskule i Leirvik bedehus 2025

Det har gjennom året vert 18 søndagsskulesamlingar, det har også vore fleire storsamlingar der alle har vore i lag under Gudstenesta i tillegg til desse. Me har dette året hatt to ulike grupper, frå dei minste borna, opp til 3 trinn og dei frå 4 trinn og oppover på den andre gruppa.

Me har 53 born innskrivne, 26 av dei har betalt medlemsavgift og oppmøte ligg på mellom 12-20 born kvar gong. Leiargruppa er på 5 personar, men to av dei har litt pause i delar av året. Me har eit ynskje om at fleire vaksne blir med i Awana arbeidet.

Samlingane våre er prega av bibelundervisning, song, enkle hobbyaktivitetar, leik og sprell. Me har delt ut bøker og aktivitetshefter som er kjøpt på Sunnbok til juleavslutningen, me tenker det viktig å dela ut kristen litteratur som dei kan bruke heime. Me hadde også ei samling med pizza og ein enkel juleverkstad med hobbyaktiviteter i desember.

I år mottok me Fri-fondmidlar frå IMFung på Kr: 6397,- desse midlane er nytta til innkjøp til diverse aktivitetar, materiell og mat, samt bokgaver til borna.

Leirvik JuniorVing er eit barnelag drive under IMF-Stord i kjellarstova på Leirvik Bedehus, og er eit tilbod for alle born i alderen frå 2. til og med 4. klasse. Samlingane er måndagar 17:30 til 19:00 i oddetals-veker. Me bytta frå partalsveker til oddetalseveker i haust sidan SoulChildren bytta veke. Borna har tydeleg hatt glede av JuniorVing og gitt gode tilbakemeldingar på samlingane.

JuniorVing hadde 16 samlingar i 2025, 8 i vårsemesteret og 8 i haustsemesteret.

Oppmøte for våren: Det har vore innoom 34 barn, der 9 vart betalande medlemmer. På samlingane hadde me i gjennomsnitt 17 barn, maks var 22 og minimum var 12 barn. Totalt hadde me 137 oppmøte.

Oppmøte for hausten: Det har vore innoom 24 barn og der 15 vart betalande medlemmer. På samlingane hadde me i gjennomsnitt 14 barn, maks var 28 og minimum var 11 barn. Totalt hadde me 117 oppmøte.

V - I - N - G det er vi,
 ordet om Jesus har satt oss fri!
 Derfor synger vi glade i kor,
 GUTTER og JENTER i sør og nord!

Samlingane tek til med "Ving"-songen. Etter ei lita songstund, bøn og bibelforteljing, delar me oss inn i ulike aktivitetsgrupper.

Aktivitetane er i hovudsak ulike typar hobbyarbeid, matlaging, legogruppe, sløyd og ei spelegruppe som spelar ulike spel. Etter aktivitetane i grupper samlast alle i kjellarstova og kjøkegruppaa serverer det dei har laga. Til avslutning ber me ei kort bøn. Denne

hausten har me bland anna hatt fokus på fadervår i andaktane. Nokre samlingar kallar me fellessamlingar, og då har me ikkje grupper, men andaktsstund, utlodning, leikar og litt mat. I dei to siste samlingane hadde me juleverkstad og juleavslutning med graut. Ungane likar samlingane godt og det er veldig kjekt at dei vert kjende med kvarandre på tvers av klassetrinna og skulane.

Dette året har me reklamert for og delteke med leiarar på IMS sin Sommarminileir 2-4. klasse i juni og Miniadventshelga 2.-4. klasse i november 2025 på Brandøy og ein del av deltakarane reiste. Me ser på dette som eit svært viktig og godt arbeid. IMS sitt tilbod om lavare deltakarpris ved behov er og veldig positivt etter vår meining.

Medlemskontingenten er 50 kr. pr. semester, den er sett lågt for at medlemskontingenten ikkje skal vere til hinder for nokon til å bli med. Me ynskjer å kunne fortelje om Jesus til flest mogleg samstundes som me skal ha det kjekt. Gjennom året fekk me 20 medlemmer og hadde 254 oppmøte av 58 ulike born.

Me har vore ein god leiarstab. Me har hatt 4 styremøte i løpet av året. Dette året har me fått ein ny leiar, og to leiarar har flytta. Me har stort sett hatt bra dekning av leiarar.

Økonomien er grei med eit overskot på kr 5563. Behaldning årsslutt kr 28979. I 2025 har me ikkje gjort investeringar, og brukte heller ikkje opp alle frifondmidlane frå i fjor så me måtte returnera kr 1925. Me har framleis ein del midlar på bok. Me planlegg å bruka noko av dette på inventar og utstyr i forbindelse med oppussinga samt noko på rekrutteringstiltak.

Inntekter		Utgifter		Inntekter	12369
Kollekt og diverse	5836	Mat	802	- Utgifter	6806
Medlemskontingent	1250	Materiell	615	Resultat (overskot)	5563
Utlodning	460	Diverse utgifter	4600	Bank årsslutt	28552
Renter	616	Hobby	789	Kasse årsslutt	427
Frifond midlar	4207	Utsyr, verktøy	0	Behaldning årsslutt	28979
Sum inntekter	12369	Sum utgifter	6806		

Me har fått FriFondmidlar på kr 4207. Tusen takk, dette er veldig viktige midlar for oss!

Oppsummering

Me freistar å sjå kvart einaste av borna som kjem, slik at dei skal vera trygge, trivast og ha det kjekt på JuniorVing og på Leirvik Bedehus. Dermed er me med på å "Byggja eit varmt og inkluderande kristent fellesskap" I andaktane vil me at borna skal bli kjende med Jesus.

Leiarar som har vore med:

Våren Johny Dyroy leiar
 Åslaug Leiknes Nag
 Kjersti Djupvik
 Audhild Eide
 Bella Kwizerimana og Elias Karlsen
 Abalone Susann Haga Svendsen

Hausten Johny Dyroy (sign) leiar
 Åslaug Leiknes Nag
 Kjersti Djupvik
 Audhild Eide
 Abalone Susann Haga Svendsen
 Polina Liashko og Elias Karlsen



ÅRSMELDING FREDAGSKLUBBEN 2025

Fredagsklubben har også dette året hatt samlingar kvar fredag. Me samlast som vanleg i kjellarstova klokka seks og held på til klokka halv åtte.

På samlingene våre startar me alltid med song og andakt. Me har hatt fleire besøk fra lms, der me har hatt besøk av Lise Marie og Kåre Johan, dette er kveldar me set stor pris på, og er veldig takknemlige for disse besøka. Ellers så prøver me å fordele andaktane mellom oss ledarane, me har delvis følgt Awana, men me har og stått meir fritt til å velge andre tema. Me er og veldig takknemlige for dåkke som har sagt ja til å ha andakt på fredagsklubben.

Så har me alltid aktivitetar, det kan være spelekveldar, bingo, at me deltar på basar, me har utlodning og så brukar me mykje det nye aktivitetsrommet til ballspell, dette er veldig kjekt og me er veldig glade for det rommet!

Siste del av samlinga er det mat, dette er noko dei set stor pris på, det er sosialt og me ser at dei kosar seg og snakkar mykje saman og har det kjekt.

Me serverer heimebakst, pølser, ostesmørbrød, is med tilbehør eller noko anna. Me ber dei om å betale kr 20,- for dette, men opplever at veldig mange ikkje betaler, men sjølvsgt får alle mat...

Me har ein veldig flott gjeng som me er veldig glade for, men me har opplevd mykje uro dette semesteret, me har og vært for få leदारar i haust, noko som har gjort det ekstra krevande. MEN no har me fått med oss to nye leदारar fra januar, og det er me veldig takknemlige for.

Takk til deg som hugsar på oss i bønn for fredagsklubben, me trur at også denne aldersgruppa treng eit møtepunkt i bedehuset vårt der dei får høyre om Jesus og bygge relasjonar til andre på sin eigen alder.

Årsmelding UKS 2025

I teamet for våren:

Margrete Naustdal Aase, Guro Teistedal Dyrøy, Ruben Brosvik, Daniel Grimsbø, Johannes Andersland, Jan Gunnar Helland, Engelina Wågen og Hannah Solsvik.

Hilde Kristin Teigland, Rebekka Karlsen, Maria Lovise Karlsen og Simen Elias Teigland som vaksenkontakt.

Haust:

Ruben Brosvik, Daniel Grimsbø, Martin Vysantios, Erika Mæland, Erik Misje og Noelle Folkedal.

Hilde Kristin Teigland, Rebekka Karlsen, Maria Lovise Karlsen, Svein Gunnar Notland og Simen Elias

Teigland som vaksenkontakt.

På våren hadde me 19 UKS-kveldar, der fire av kveldane var Fundament-samlingar saman med UNG.

Me har hatt besøk av Kongshaug musikkgyrnas, Lundeneset vgs og Bildøy Bibelskule, og har også delteke på fellesmøte på Leirvik Bedehus med Thor Haavik. Me ser det er ekstra kjekt for ungdommane når me får besøk til arbeidet. Eit høgdepunkt for mange var å spele bordtennis med Thor Haavik etter møtet.

Ellers har det vore kjekke kveldar med bowling og utkledding med tema barnebursdag. Ein av sei siste kveldane før sommaren vart spesielt fin då mange ungdommar responderte med å gå fram til forbønn etter at dei vart utfordra på å ta eit standpunkt for Jesus, og å be om meir frimodighet i trua.

Vårhalvåret vart også prega av at Hilde var i foreldrepermisjon frå 25.april. Då var det Simen Elias som var hovudkontakt og jobba i team saman med Maria Lovise, Rebekka og Svein Gunnar, noko som fungerte flott. Hilde var tilbake igjen i arbeidet frå august.

På hausten hadde me 15

UKS-kveldar, der fire av kveldane var Fundament-samlingar saman med UNG. Me hadde også Heim til Jul saman med UNG siste laurdagen før jul.

Eit høgdepunkt frå hausten var 12.september då det var ein stor felles ungdomskveld med over hundre ungdommar frå Sunnhordland. Det var også kjekt å reise til Sion på Moster laurdag 27. september for å delta på felles ungdomskveld med Impuls lovsongsteam og Egil Ellingsen. Me opplever det som svært styrkande og positivt for arbeidet å ha felleskveldar saman med andre ungdomsarbeid i området.

Ellers har me hatt bowling, utkledding med tema "back to the 80's", Grip mikrofonen og deltatt på fellesmøte på Leirvik Bedehus med Alexis Lundh.

Me har som vanleg delteke på Pit Stop som er arrangert av IMS.

Pit Stop vart flott i år også. Dette er me glade for at me kan vera ein del av. Dagane vart fylt opp med blant anna

bibeltimar, seminar, kveldsmøter, rebus og sosialt.

Det er kjekt å sjå at så mange av ungdommane ønsker å bli utrusta, utfordra og disippelgjort. Me opplever ei fin tid i arbeidet der me får så inn i ungdommane og peike tydeleg på Jesus.

Fleire deltek også i bibelgruppe der det er stort fokus på bibellesing. Det er også kjekt å sjå at UKS er ein plass der både dei med og utan trua på Jesus kan finne seg til rette og trivast.

Det er mange kjekke vaksne som er med på rullering som leiarar kvart semester. Dei står for oppvask, rydding, sal i kiosken og tryggleik. Me er svært takksame for alle som er med! I tillegg har me ein kjerne med vaksne som rullerer på å vera med i det sosiale. Desse er med på dei fleste kveldane.

Økonomien er god. Me gjekk inn i sommaren med 50 medlem på UKS.

For UKS- Hilde Kristin Teigland

UNG (tidlegare IUF) året 2025

UNG: er ein ungdomsklubb drive under IMF-Stord i ungdomsrommet på Leirvik Bedehus. Målgruppa for UNG er all ungdom i vidaregåande skule og oppover. Klubben skal vera eit godt og rusfritt tilbod på laurdagskveldane, og er open for ungdom frå VG1 og opp til ung vaksen alder. Me vil vera ein plass for gode sosiale aktivitetar, ein plass for identitetsbygging, fellesskapsbygging og åndeleg utrusting. UNG er vidareføring av IUF.

Samlingar: UNG hadde 22 eigne samlingar i 2025, og hadde ope dei fleste laurdagskveldane utanom feriane og 9 kveldar som vart avlyst på grunn av manglande leiarar. Me har også hatt 4 samlingar saman med UKS der 3 av dei har vore konseptet Fundament. Me har hatt fleire utflukter dette året; fjelltur, gått i 17. mai tog, bowling på Heiane, og ein svært vellukka hyttetur til Kongsskogen på Stord med to overnattingar. Me har og delteke på IMS arrangementet PitStop på Leirvik Bedehus og arrangert «Heim til Jul» der også UKS deltok, her var me ca 50 stk, og hadde julegraut.. Dette året vart nyttårsfesten på Leirvik Bedehus avlyst. Nokre av medlemmene stilte som leiarar på IMS leirar for 2-4 klasse i juni og i november. Alle samlingar har vore gratis.



Kongskogshytta på Stord



Oppmøte: På UNG samlingane har det vore frå 4 til ca. 15 personar. Me byrjar no å sjå ein fast base med om lag 4-6 ungdomar som kjem regelmessig. Me ynskjer at minst 15 ungdomar skal koma regelmessig for at det skal opplevast som ein attraktiv og levande ungdomsklubb. Me må framleis jobba for å bli meir kjent i målgruppa, og fortelja kva me kan tilby.

UNG

KJELLAREN PÅ LEIRVIK BEDEHUS LAURDAGAR KL 20:00 VELKOMMEN!!!

Innhald: Samlingane byrjar no å finna si form. Me har ei kort samling med andakt. Me har alltid mat, som regel pizza. På dei fleste samlingane har me pizzalaging som ein del av aktiviteten. Så har me litt ulike leikar, spel og aktivitetar, i tillegg til biljard og bordtennis. Det er viktig å ha interessant innhald som engasjerer deltakarane, samtidig som dei opplever å få slappa av og kosa seg på laurdagskvelden. Deltakarane har ulike behov når det gjeld forholdet mellom aktivitet og «fri», kor mykje engasjement som skal krevjast av deltakarane, og forma på det kristne innhaldet i samlingane. Me må framleis jobbe med å finna fleire aktivitetar, og få meir engasjement for å auka aktiviteten i klubben.

Samarbeid: Me set pris på samarbeidet med ungdomsklubben UKS både på praktisk og innhalds område som fellessamlingane Fundament. Me er og opne for, og på jakt etter andre forum som me kunne samarbeida med, til dømes ungdomsarbeidet i kyrkja eller andre aktuelle grupper.



Leiarar: Me har enno ikkje fått på plass ein fast leiarstab, dette må vera eit satsingsområde for klubben i 2026. Me treng personar som kan hjelpe til på fast basis.

Økonomi: Medlemskontingenten er 50 kr. pr. semester, den er sett lågt for at medlemskontingenten ikkje skal vere til hinder for nokon til å bli med. Me ynskjer å kunne fortelje om Jesus til flest mogleg samstundes som det skal vera lett og enkelt å vera med og me skal ha det kjekt. Økonomien er svak og avhengig av direkte gaver.

Inntekter		Utgifter		Inntekter	
Kollekt fellesmøter	11206	Mat	10878	- Utgifter	25507
Medlemskontingent	600	Anfre utgifter	11601	Resultat (overskot)	848
Flaskeinnsamling	1042	Hytteleige Kongsskogen	3025		
Gaver	9300	Gebyr	3	Bank årsslutt	848
Frifond midlar	4207	Utsyr, verktøy	0	Behaldning årsslutt	848
Sum inntekter	26355	Sum utgifter	25507		

Me har fått FriFondmidlar på kr 4207. Tusen takk, dette er veldig viktige midlar for oss!

Oppsummering

Dette er eit bra tilbod til ungdom i vidaregåande skule alder på Leirvik. Denne klubben vil gjerne møta, byggja opp og styrka ungdom i ei viktig tid av livet. Ungdomane likar å samlast og trivest i lag på samlingane. Dermed er me med på å "Byggja eit varmt og inkluderande kristent fellesskap".

Leiarar som har vore med: Johny Dyrøy, leiar (sign), Styret (ungdomar)

Pensjonistlaget «Vi over 60» ved Leirvik Bedehus.

Årsmelding 2025

På årsmøte 29. januar 2025 var det ikke kommet inn forslag på nye styremedlemmer. Men vi er takknemlig for at de gamle styremedlemmene ville fortsette enda et år. Situasjonen ser ut til å være den samme også i 2026. Det sittende styret ser slik ut, og er også forslaget til nytt styre for 2026.

Leder:	Reidar Brevik	2026-2027
Styremedlem:	Hans Gunnar Aadland	2026-2027
Styremedlem:	Rasmus Hatlevik	2026-2027
Styremedlem:	Inge Hystad	2026-2027
Kasserer:	Jakob Thormodsæter	2026-2027

Styret ber om årsmøtets tillatelse til å supplere styret dersom dette blir mulig i løpet av året.

Andre valg ved årsmøtet i 2025:

Revisor:	Kåre Løvland
Valgnemd:	Hans Gunnar Aadland og Rasmus Hatlevik
Turkomite:	Jakob Thormodsæter, Rasmus Hatlevik, Svein Bjarne Aase, Oddvar Oma.

Vi foreslår gjenvalg på alle for 2026.

Kjøkkenpersonell:

Også dette året har Kjellaug Lønning gjort en veldig god jobb med å rekruttere medhjelpere på kjøkkenet. Alle har bidratt på en positiv måte, og servert oss gode måltider produsert på Solidhuset. Hans Gunnar har ordnet med bestillinger og henting av maten.

Andre oppgaver:

Norvald Lønning har vært tekniker på samlingene, og styrt lyd og bilde på en trygg og god måte. Reidar har ledet møtene, og Odd Myhre har spilt til sangene. Inge Hystad og Hans Gunnar Aadland har vært forsangere.

Oversikt over samlingene i 2025:

Januar:	Hovedgjest: Ingebrigt Sørfonn Tema: Tiden på Stortinget Årsmøte
Februar:	Hovedgjester: Bente og Mathias Lie fra Karmøy De deltok med sang og andakt.
Mars:	Hovedgjest: Guri L. Ravatn Fortalte om en bok med barnebønner som hun og mannen hadde gitt ut. Mannen spilte gitar til Guri som sang.
April:	Hovedgjest: Geir Gundersen Tema: Mi sorg er lys. Glimt frå boka som han skrev i 2024.

Mai : Tur til Helgøy

Pensjonistlaget «Vi over 60» i Leirvik bedehus har vært på tur til Helgøy. Hele 55 eldre var med på denne turen, som gikk med buss ned til Nedstrand. Der gikk vi om bord på en større catamaran, som hadde plass til flere enn oss. Og siden mange hadde tidlig frokost denne dagen, fikk vi servert rundstykker og kaffe.

Vi ble ikke kjørt direkte til Helgøy, men fikk en veldig kjekk tur innover i Jøsenfjorden. Skipperen Jon Arne Helgøy fortalte gode historier fra område, og kjørte båten så nær fjellveggen at vi kunne ha hoppet på land. Men det var bare ett sted dette var mulig, for den høye, bratte fjellveggen stupte rett ned i fjorden. Etter dette kjørte vi utover igjen til vårt egentlig mål for turen som var Helgøy.

Denne øya er kjent for å være fruktbar på epler, pærer, plommer og moreller. Det er plantet over 40 000 frukttrær på denne lille øya i Årdalsfjorden. Våren kom veldig tidlig i år, så vi fikk dessverre ikke med oss blomstringen, men vi ble veldig imponert over de lange og snorrette radene med ulike frukttrær.

Etter en rusletur med omvisning, fikk vi servert en deilig middag inne i den store bygningen. Her hadde vi også en fin utsikt innover i fjorden. Anne Norunn Helgøy fortalte den gripende historien om hvordan familien hadde bygget opp virksomheten på øya. Og så var det mulig å gjøre en god handel i gårdsbutikken.

På hjemvegen fikk vi ristet oss litt, siden vinden hadde økt i løpet av dagen. Men det var ingen som fikk problem, så vi kom trygt fram til Nedstrand hvor vi gikk ombord i bussen igjen. Svein Bjarne Aase, vår faste sjåfør tok oss trygt hjem igjen til Stord. Kanskje noen denne dagen fikk tips om hvordan de skulle få mere og bedre frukt på trærne i hagen.

Pensjonistlaget takker alle for turen, og ønsker velkommen til samlingene vi skal ha i Leirvik bedehus til høsten.

September: Hovedgjest: Prost Arild Steinsland
Han fortalte om sitt sterke engasjement for å nå de unge med evangeliet.

Oktober: Hovedgjest: Tor Østang
Tema: Sanger om himmelen.
Tor Østang fortalte og spilte, og hele forsamlingen fikk være med å synge mange gode sanger om himmelen.

November: Hovedgjest: Johanne Øvstebø Tvedten
Tema: Juletradisjoner i game dager.

Stord 2026.01.06

Reidar Brevik
styreleder

Hans Gunnar Aadland
styremedlem

Jakob Thormodsæter
kasserer

Rasmus Hatlevik
styremedlem

Inge Hystad
styremedlem

Rekneskap med forslag til budsjett 2026

ImF Stord

Regnskapskonto	2024	2024	2025	2025	Endring	2026
	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap-Budsjett	Forslag budsjett
Driftsresultat						
Driftsinntekter						
Salgsinntekter						
3110 Kollekt	163 481	250 000	99 026	150 000	-50 974	100 000
3111 Lagsgåver	1 500	18 000	0	0	0	0
3112 Gjevartenesta	703 385	650 000	540 014	600 000	-59 986	600 000
3113 Andre gåver, minnegåver	0	5 000	132 467	0	132 467	0
3114 Medlemspengar	22 200	25 000	28 800	30 000	-1 200	30 000
3115 Refusjon MVA	87 081	70 000	94 600	0	94 600	0
Salgsinntekter	977 647	1 018 000	894 907	780 000	114 907	730 000
Annen driftsinntekt						
3440 Offentlege tilskot	3 973	1 300	3 528	0	3 528	5 000
3900 Inntekter middag o.l.	133 970	10 000	98 650	80 000	18 650	100 000
Annen driftsinntekt	137 943	21 300	102 178	80 000	22 178	105 000
Driftsinntekter	1 115 591	1 039 300	997 085	860 000	137 085	835 000
Driftskostnader						
Varekostnad						
4010 Varekjøp	50 410	30 000	18 546	50 000	-31 454	30 000
4500 Talarhjelp	16 563	3 000	5 652	15 000	-9 348	15 000
4500 Reiseutgifter talar			4 326		4 326	5 000
4550 Gåver	68 670	65 000	176 401	65 000	111 401	200 000
Varekostnad	135 643	98 000	204 925	130 000	74 925	250 000
Lønnskostnad						
5000 Lønn til ansatte	857 669	835 000	313 031	250 000	63 031	350 000
5030 Sykepengar	-16 184	0	0	0	0	0
Lønnskostnad	841 485	835 000	313 031	250 000	63 031	350 000
Annen driftskostnad						
6300 Kontorleige	20 000	20 000	20 000	20 000	0	20 000
6301 Leige av Leirvik Bedehus	82 000	80 000	80 000	80 000	0	80 000
6552 Tripletex rekneskapsystem	3 475	4 000	3 555	4 000	-445	4 000
6705 Honorar regnskap	10 000	10 000	10 000	10 000	0	10 000
6725 Honorar digital produksjon	0	0		0	0	0
6790 Honorar musikarar	1 000	0		2 000	-2 000	2 000
6800 Kontorrekvisita	3 074	5 000		1 500	-1 500	1 500
6810 Avgift domene, internett	1 449	1 600	9 005	2 000	7 005	10 000
6820 Trykksaker	0	0	2 733	3 500	-767	3 000
6860 Kurs, reise-opphald-kursavgift	82 985	40 000	5 725	50 000	-44 275	10 000
6870 Arrangement			90 000		90 000	90 000
6890 Diverse utstyr	20 205	3 000		20 000	-20 000	5 000
6900 Telefon	0	0		0	0	0
6940 Porto	0	2 000		0	0	0
7140 Køyregodtgjersle	0	0		0	0	0
7320 Lysingar	15 611	10 000	15 199	15 000	199	15 000
7410 Medlemskontingent ImF, Awana	11 997	10 000	11 334	14 000	-2 666	14 000
7770 Bank og kortgebyrer	5 454	5 000	5 322	5 000	322	5 000
Annen driftskostnad	257 249	190 600	252 873	227 000	25 873	269 500
Driftskostnader	1 234 378	1 123 600	770 829	607 000	163 829	869 500
Driftsresultat	-118 787	-84 300	226 256	253 000	-26 744	-34 500
Finansinntekter og finanskostnader						
Finansinntekter						
Annen finansinntekt						
8050 Annen renteinntekt	50 240	20 000	64 474	20 000	44 474	60 000
8051 Renter på lån Helgaton Fjellpensjonat AS			15 908			15 000
Annen finansinntekt	50 240	20 000	80 382	20 000	44 474	75 000
Finansinntekter	50 240	20 000	80 382	20 000	44 474	75 000
Finanskostnader						
Annen finanskostnad						
8150 Annen rentekostnad	0	0	0	0	0	0
Annen finanskostnad	0	0	0	0	0	0
Finanskostnader	0	0	0	0	0	0
Netto finansresultat	50 240	20 000	80 382	20 000	44 474	75 000
Ordinært resultat før skattekostnad	-68 547	-64 300	306 638	273 000	17 730	40 500
Ordinært resultat	-68 547	-64 300	306 638	273 000	17 730	40 500
Årsresultat	-68 547	-64 300	306 638	273 000	17 730	40 500

Balanserapport 2025 - 31.12.2025	IB 2025	2025 - 31.12.2025	2024	Endring
EIENDELER				
Anleggsmidler				
1390 Lån til Helgatun	800 000	600 000	800 000	-200 000
Andre fordringer	800 000	600 000	800 000	-200 000
Finansielle anleggsmidler	800 000	600 000	800 000	-200 000
Anleggsmidler	800 000	600 000	800 000	-200 000
Omløpsmidler				
1500 Kundefordringer	20 520	15 908	20 520	-4 612
Kundefordringer	20 520	15 908	20 520	-4 612
1579 Andre kortsiktige fordringer	50 000	-	50 000	-50 000
Andre fordringer	50 000	-	50 000	-50 000
Fordringer	70 520	15 908	70 520	-54 612
1811 Aksjar i SunnBok AS	122 500	122 500	122 500	-
Markedsbaserte aksjer	122 500	122 500	122 500	-
Investeringer	122 500	122 500	122 500	-
1925 SPV 3520.54.11664	274 152	193 009	274 152	-81 143
1926 SOR 3000.22.08101	27 983	87 035	27 983	59 052
1927 SOR 3000.22.08349	499 848	519 563	499 848	19 715
1928 SOR 3000.32.27037	381 210	1 039 475	381 210	658 266
Bankinnskudd, kontanter og lignende	1 183 193	1 839 082	1 183 193	655 889
Omløpsmidler	1 376 213	1 977 490	1 376 213	601 277
SUM EIENDELER	2 176 213	2 577 490	2 176 213	401 277
EGENKAPITAL OG GJELD				
Egenkapital				
2050 Annen egenkapital	2 118 242	2 118 242	2 118 242	-
Annen egenkapital	2 118 242	2 118 242	2 118 242	-
Opptjent egenkapital	2 118 242	2 118 242	2 118 242	-
Udisponert resultat		306 638	-	306 638
Egenkapital	2 118 242	2 424 880	2 118 242	306 638
Gjeld				
2400 Leverandørgjeld	57 971	84 360	57 971	26 389
Leverandørgjeld	57 971	84 360	57 971	26 389

Balanserapport 2025 - 31.12.2025	IB 2025	2025 - 31.12.2025	2024	Endring
2960 Annen påløpt kostnad	-	68 250	-	68 250
2990 Annen kortsiktig gjeld	-	-	-	-
Annen kortsiktig gjeld		68 250	-	68 250
Kortsiktig gjeld	57 971	152 610	57 971	94 639
Gjeld	57 971	152 610	57 971	94 639
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	2 176 213	2 577 490	2 176 213	401 277

IMF Stord (Indremisjonsforbundet Stord)

Revisjonsrapport rekneskapsåret 2025 .

Vi har revidert årsrekneskapet til IMF Stord som viser eit overskudd på Kr 306 638,-. Årsrekneskapet består av balanse pr. 31.12.25 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta pr. samme dato.

Vårt mål er å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapet som heilhet ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller utilsikta feil, og å avgi ei revisjonsbetraktning som inneheld vår konklusjon.

Etter vår meining

- Oppfyller årsrekneskapet gjeldande lovkrav , og
- årsrekneskapet gir eit rettvise bilde av IMF Stord sin finansielle stilling pr. 31.12.25, og resultatet pr. denne datoen i samsvar med god rekneskapsskikk.

Grunnlag for konklusjonen:

Vi har gjennomført stikkprøvekontroll av bilag både på inntekter og kostnader.

I rekneskapen er det kostnadsført gåver til ein privatperson. IMF Stord må i slike tilfeller ta stilling til evt. innrapporteringsplikt. Her er dette ei gåve til eit veldedig formål, og dette vil og kunne vurderes som ein del av IMF's formål. Dette er ikkje betaling for eit arbeid utført for IMF. På grunnlag av dette, meiner vi at gåva ikkje vil være innrapporteringspliktig.

Vi finn ingen feil eller manglar ved rekneskapet for IMF Stord , og anbefaler årsmøtet å godkjenne rekneskapet for 2025 slik det no ligg føre.

Stord, den 19. januar 2026



Kåre Løvland
Revisor



Birgitte Seljevoll Hatlevik
Revisor

Valgnemnd 2026

Styre i IMF Stord 2025-2026:

Leiar: Kjetil Fyllingen (På valg)

Styremedlemmer:

Torbjørn Brosvik (- 2027)

Elin Solheim (- 2027)

Maria Karlsen (- 2027)

Helge Løvland (På valg)

Varamedlemmer valde for eitt år:

1.Hans Gunnar Aadland (-2026)

2.Ole Jørgen Tvedt (På valg)

3.Wibekke H Balcen (På valg)

Revisor

Birgitte Hatlevik

Kåre Løvland

Valgnemnd:

1 person stiller fra styret

2 kandidater skal velges. (Jarle Steinsland og Jostein Brekke, 2026)

Valgnemnd har spurt 14 kandidater til å stille på valg til styre i Stord IMF.

Det skal på årsmøter velges følgende:

Styre leiar: Velges for 1 år. Kjetil stiller til gjenvalg

1 styremedlem. Velges for 2 år

1 varamedlem Velges for 1 år

2 vara.medlem Velges for 1 år.

Ole Jørgen Tvedt har sagt ja til å stille, men bare som 2 vara

3 varamedlem Velges for 1 år.

Wibekke Balken har sagt ja til å stille, men bare som 3 vara.

Valg av styremedlem og 1varamedlem. To kandidater har takket ja til å stille til valg:

Helge Løvland

Andre Milje

Det skal velges 2 revisorer.

Følgende kandidater er blitt spurt og takket ja til å stille til valg:

Birgitte Hatlevik

Kåre Løvland

Det skal velges to kandidater til valgnemnd.

Følgende kandidater har takket ja til å stille:

Per Magne Djupvik

Ingfrid Hystad Evensen

SunnBok

Årsmelding 2025

1. Aksjeeigarar

	A-aksjar:	B-Aksjer
Indremisjonssamskipnaden	245 aksjar à kr 500,-	52
ImF Stord	245 aksjar à kr 500,-	20
Salem Moster	60 aksjar À kr 500,-	
Laurhammer Indremisjon	20 aksjar À kr 500,-	
Kristkyrkja Stord	20 aksjar À kr 500,-	
Kristent Fellesskap Stord	20 aksjar À kr 500,-	

2. Drift

SunnBok A/S er ein kristen bokhandel som ligg i Leirvik sentrum på Stord.

	2025	2024	2023
Fritt sal/bøker	1.279.860	1.303.557	1.188.972
Anna/pliktig sal	905.934	832.976	672.735
Snop/kaffi	53.950	45.700	38.075

3. Omsetjing og resultat

	2025	2024	2023
Driftsinntekter	2.238.860	2.182.233	1.904.958
Driftskostnader	2.143.407	1.978.829	1.881.136
Resultat	95.454	175.989	18.422

4. Føresetnad for drift er framleis til stades.

Tala for 2025 viser enda eit godt år. Det er vi utruleg takksam for. Styret meiner vilkåra for vidare drift er tilstades og rekneskapen er sett opp under denne føresetnad.

5. Styret

Styresamansetjing:

Solfrid Johannessen Hjelland	styreleiar
Tor Espen Kristensen	styremedlem
Tove Iren Notland	styremedlem
Bjørge Marit Notland	styremedlem
Ingebjørg Espevik	styremedlem

1. vara Ragnhild Nesse

2. vara Øystein Solsvik

Styret har hatt 3 møter og handsama 11 saker.

Dagleg leiar har vore med på møta.

6. Personalet

Dagleg leiar, Silje Fyllingen er tilsett i ca 80 % stilling. Rakel Hystad Evensen og Margrete Aase har vore ekstrahjelp fram til 1juni. Amalie Hageberg Brekke og Benjamin Fyllingen var sommervikarar. Etter det blei Elice Grigoryan og Ruben Brosvik tilsett som ekstrahjelp. Reidar Brevik, Ingebjørg Espevik og Kirsti Frugård har vore inne som dugnadsarbeidarar . Vi har også hatt inne personer på arbeidstrening via NAV. Arbeidsmiljøet er godt, det er ikkje meldt om skader på arbeidsplassen. Selskapet si verksemd fører ikkje til forureining av det ytre miljøet. Det er ikkje nødvendig å i verksette tiltak som gjeld arbeidsmiljø og likestilling.

7. Økonomi

Kassakreditten er på 250.000 kr.

Likviditeten i 2025 har vore stram.

Styrehonorar: kr. 0

8. Arrangement i 2025

Vi har hatt besøk av Heidi Gellein, Jarle Haugland, Jarle Waldemar, Louise Kallekleiv, Per Arne Dahl og Geir Gundersen . I tillegg har vi hatt bøker på familieleir, Oasestevne i Olden og diverse andre leirer og Plussreise turer. Vi fikk også vært med på julemesse på Laurhammer og div. møter i området. Vi feira 50 år i november og arrangerte jubileumsfest den 1.november. Først hadde vi barnas jubileumsfest med song av Stord soul children, diktlesing av Louise Kallekleiv og andakt av Jarle Waldemar. Om kvelden var det jubileumsfest der Mariann Steinsland og Svein Bjarne Aase leda og Jarle Haugland hadde festtalen. En fantastisk dag på alle måter!

9. Marknadsføring

Vi har hatt annonse i Sunnhordland, , Indremisjonsvenen og elles har vi satsa på Facebook og Instagram.

10. Framtidsutsikter

Framtida er særst spennande for ein liten bokhandel med kristen profil. Spesielt med tanke på at ImS huset er solgt og butikken må finne nytt lokale eller avvikles.

Butikken har eit godt utval både når det gjeld bøker og andre varer.

Styret og dagleg leiar har eit stadig fokus på omsetningstal og utgifter. Vi ser det som særst viktig å vere synleg i sentrum og mellom dei kristne i området. Vi arbeider hardt for at fleire skal bli glad i butikken og bruke den. Vi reiser rundt, er aktive i sosiale medier og har nettbutikk.

Styret takkar dagleg leiar og hennar medarbeidarar for god innsats også i 2025. I ein bransje i motvind er det ikkje alltid så lett å stå på, men me ser at butikken er avhengig av motiverte tilsette som kvar dag yter sitt beste for å løfte butikken opp på eit bærekraftig nivå. Sunnbok er også avhengig av å få aktivert heile den naturlege kundemassa si og skaffa seg eit solid kundegrunnlag. Me ber om og trur at Gud vil velsigna arbeidet og dei som er knytt til drifta av SunnBok A/S også i framtida.

Leirvik. 27.01.2026

Solfrid J. Hjelland

Tor Espen Kristensen

Tove Iren Notland

.....

.....

.....

Ingebjørg Espevik

Bjørg Marit Notland

Ragnhild Nesse

.....

.....

.....

Sak om SunnBok AS på årsmøtet i ImF Stord

SunnBok AS ser for seg tre mulige alternativer som de ønsker at eierne skal ta stilling til og vedta i generalforsamlingen 4. mars. Alternativene står fullt ut i dokumentet «*Notat til eiere av SunnBok*», [som kan lastes ned her](#).

Kort oppsummert:

Alt. 1

SunnBok flytter og fortsetter med samme eiere. Det er sett på lokaler i Osen som kan være aktuelle. Husleien vil øke med kr 10 000,- per måned. Styret ber eierne om å skyte inn kapital og garantere for drift i tre år.

For ImF Stord vil dette bety at man forplikter seg til å bidra med følgende beløp de neste tre årene:

- 2026: kr 112 866,-
- 2027: kr 63 130,-
- 2028: kr 63 130,-

Beløpet er høyere i 2026 på grunn av kostnader knyttet til flytting til nytt lokale samt ombygging og innredning.

Alt. 2

SunnBok AS selges til Bibelbutikk-kjeden. Styret i SunnBok mener dette er siste utvei før eventuell avvikling. Det er usikkerhet knyttet til eierforhold i kjeden, pensjon og videre drift. Det kan også innebære dårligere vilkår for de ansatte.

Alt. 3

SunnBok AS avvikles. Dersom eierne ikke går inn med kapital, eller det ikke blir salg som i alternativ 2, er det ikke grunnlag for videre drift.

ImF Stord eier 38,86 % av aksjene i SunnBok AS.

Styret i ImF Stord sin innstilling til årsmøtet

ImF Stord ønsker videre drift av SunnBok AS og anbefaler at det arbeides videre med alternativ 1 – videre drift i nye lokaler.

ImF Stord garanterer for underskudd i tråd med sin eierandel, inntil:

- kr 112 866,- i 2026
- kr 63 130,- i 2027
- kr 63 130,- i 2028

Dette forutsetter at øvrige aksjonærer dekker underskudd tilsvarende i tråd med sin eierandel.

ImF Stord ber om at SunnBok AS har tett økonomisk oppfølging og rapportering til eierne minimum kvartalsvis i perioden med underskuddsgaranti. SunnBok AS må også utarbeide en strategi for hvordan omsetningen kan økes, slik at økte kostnader dekkes og videre drift sikres.